

Stefán frá Hvítadal og Heilög kirkja : ei samanlikning med mellomalderkvadet Lilja

Autor(en): **Orgland, Ivar**

Objekttyp: **Article**

Zeitschrift: **Beiträge zur nordischen Philologie**

Band (Jahr): **15 (1986)**

PDF erstellt am: **10.07.2024**

Persistenter Link: <https://doi.org/10.5169/seals-858374>

Nutzungsbedingungen

Die ETH-Bibliothek ist Anbieterin der digitalisierten Zeitschriften. Sie besitzt keine Urheberrechte an den Inhalten der Zeitschriften. Die Rechte liegen in der Regel bei den Herausgebern. Die auf der Plattform e-periodica veröffentlichten Dokumente stehen für nicht-kommerzielle Zwecke in Lehre und Forschung sowie für die private Nutzung frei zur Verfügung. Einzelne Dateien oder Ausdrucke aus diesem Angebot können zusammen mit diesen Nutzungsbedingungen und den korrekten Herkunftsbezeichnungen weitergegeben werden. Das Veröffentlichen von Bildern in Print- und Online-Publikationen ist nur mit vorheriger Genehmigung der Rechteinhaber erlaubt. Die systematische Speicherung von Teilen des elektronischen Angebots auf anderen Servern bedarf ebenfalls des schriftlichen Einverständnisses der Rechteinhaber.

Haftungsausschluss

Alle Angaben erfolgen ohne Gewähr für Vollständigkeit oder Richtigkeit. Es wird keine Haftung übernommen für Schäden durch die Verwendung von Informationen aus diesem Online-Angebot oder durch das Fehlen von Informationen. Dies gilt auch für Inhalte Dritter, die über dieses Angebot zugänglich sind.

IVAR ORGLAND

Stefán frá Hvítadal og *Heilög kirkja*.
Ei samanlikning med mellomalderkvadet *Lilja*

I.

Ved sida av 1600-tals diktaren Hallgrímur Pétursson og den store romantiske lyrikaren Matthías Jochumsson (1835–1920) er Stefán frá Hvítadal (1887–1933) ein av dei mest gripande religiøse lyrikarane i den islandske poesien. Vi kan òg samanlikna han med dei store mellomalderdiktarane som skreiv *Sólarljóð* og *Lilja*; ja, Stefáns drápe *Heilög kirkja* (Heilag kyrkje) er skriven i nett same form som munken Eysteinn Ásgrímssons storfelte dikt, og bortimot 600 år etter! Versemålet «hrynhent» hadde òg vore nytta av diktargenerasjonen før Stefán, men ikkje til religiøse dråper i stil med *Lilja*. I dette gamle versemålet eggjar nasjonalskalden Matthías Jochumsson dei islandske emigrantane til aldri å gløyma språket sitt når dei kjem til Vesterheimen (USA eller Canada). Men innan Stefán skreiv sitt meisterverk i den gamle stilen, hadde han vunne ein stor siger som fornyar av den islandske poesien ikring 1918.

Dette året, då Island vart eit fritt rike i personalunion med Danmark, skjedde det eit markant omskifte i den islandske lyrikken og bokheimen i det heile. Det vart mindre av den nasjonalhuga fedrelandsdiktinga, som hadde blømt sidan Bjarni Thorarensen og Jónas Hallgrímsson skapte ei lyrisk atterføding i byrjinga av det 19. hundreåret. I staden kom ei meir subjektiv, personleg frigeringsdikting i ekspresjonistisk ånd, medan nye, radikale tankar snart for alvor slår igjennom i prosaen. Alt kringom hundreårsskiftet hadde nyromantikken gjort seg noko gjeldande på Island; og dette straumdraget fekk sitt å seia som åndsgrunnlag for det lyriske gjennombrotet som fylgde då Stefán frá Hvítadal og Davíð Stefánsson gav ut dei fyrste diktsamlingane sine. Dei høyrer begge til Wildenvey-generasjonen i Noreg, og fekk ei liknande støde i den islandske lyrikken som folkekjære skaldar. Men medan Davíð Stefánsson særleg tok sine førebilete i islandsk folkedikting – folkeviser og vikivaka-kvede – førte Stefán med seg lettare rytmar og strofer frå Noreg, som han vitja i heile tre år, frå november 1912 til november 1915.

Stefán debuterte i 1918 med diktsamlinga *Söngvar förumannsins* (Flakkaren syng). Fleire av dikta er bygde over det norske nystevet. Og mange av dikta har motiv frå Noregsopphaldet hans. I debutboka er Stefán flakkar, bohem. Han er

ein sjeldsynt fin lyrikar som mange prøvde å etterlikna, men med dårleg resultat. Etter sigeren med denne boka, som òg kom i nytt opplag, gifte Stefán seg og vart småbrukar på garden Bessatunga i Dalasýsla på Vest-Island, stutt frá garden Hvítadal, der han hadde vakse opp. Her levde han resten av sine dagar når han ikkje sette seg i salen og reid til Reykjavík, eller gjordé andre ferder med skip eller på hesteryggen; ei stutt tid låg han òg på sanatorium.

I den neste diktsamlinga, *Óður einyrkjans* (Songen til den eine-arbeidande småbrukaren), 1921, er det tydeleg at brøðslitet merkjer skalden; og det er framleis flakkaren som er den mest poesigjevande. Til dei vakraste lyriske dikta høyrer nett eit par med minne frå Noregs-dagane. Men det er tydeleg at skalden held på å verta miljøskadd i den tronge bygda; ei rekkje dikt ber bød om oppreist mot krefter som ikkje tolererer livet og diktinga til den frie farren som enno budde i brystet hans, og stundom stakk hovudet skamlaust fram i nasen på bygdafolket. Han fekk jamvel sjølv prosten på nakken; og i opposisjon til han og heile bygda, men òg med varm religiøs hug skreiv Stefán *Heilög kirkja* – året 1924 –, ei hryn-hent dråpe i ætt med katolsk mellomalderdiktning.

På denne tida var den unge Halldór Kiljan Laxness gløande katolikk; han hadde vore i kloster og ville slå eit slag for katolisismen på Island. Då han fekk høyra Stefáns dikt, tok han den 15 år eldre kollegaen (Laxness var då 22 år) med til dei katolske prestane i Reykjavík. Og 28. september same året gjekk Stefán, under nokon tvil, over til den romersk-katolske kyrkja med Halldór som gudfar. Seinare gjekk nesten heile familien hans over til katolisismen; han fekk i alt ti born, men somme døydde som små. Den einaste i flokken, som ikkje vart katolsk, var dottera Matthildur, oppkalla etter ei norsk sjukesyster, som Stefán heldt mykje av. Men denne dottera vart oppalen hjå fosterforeldre.

Stefáns dråpe *Heilög kirkja* er altså ikkje ei frukt av at Stefán vart katolsk, men ei tilleiing til at han vart det. Same hausten vart Sigrid Undset katolsk, og det danske dømet frå denne tida er Johannes Jørgensen. I det islandske åndslivet kom det til å gå høge bylgjer mellom Stefáns gudfar Laxness og sosialisten Þórbergur Þórðarson, som nett same året Stefán konverterte, hadde gjeve ut den fyrste moderne romanen i islandsk litteratur: den sjølvbiografiske boka *Bréf til Láru* (Brev til Laura), der han opnar seg heilt ublygt for si brev-veninne og gjer storm både på samfunn og kristendom, særleg katolisisme. Laxness måtte ta til motmæle med *Kapólsk viðhorf* (Katolsk synsstad), som fekk imprimatur – signing frá den katolske kyrkjelyden i Reykjavík med prefekt, seinare biskop, Marteín Meulenberg, i brodden. Seinare drog Laxness til USA, las Upton Sinclair og andre, og vart likså engasjert sosialist som tidlegare katolikk. Stefán kjende det som svik mot seg sjølv. Han heldt fram som katolikk; men flakkaren døydde heller ikkje i brystet hans. Hestar, vin og kvinner heldt fram med å inspirera han til lovsongar av same slaget som det den unge diktaren hadde hatt på tunga. Men som katolikk kom Stefán òg til å få mange oppgåver, dei fleste etter tinging. Det hjelpte kanskje noko på økonomien; men Stefán trøyttna, som rimeleg er, av eit slikt versifikatorisk arbeid. Den inspirerte religiøse diktaren møter vi enno i den seksti-strofers dråpa hans, *Heilög kirkja*.

II.

På den tida då Stefán skreiv *Heilög kirkja*, har han tvillaust vore inne i ein periode då inspirasjonen loga opp i han, og eit nytt utsyn opna seg. Den negative stòda til miljøet, slik ho kjem klårt fram i *Óður einyrkjans*, vik for ei positiv interesse for ein annan ándsheim. Diktaren Jóhannes úr Kötlum, som hadde mykje samband med Stefán i denne tida, nemner (munleg) den katolske atmosfæren han var komen inn i; han studerte *biskupasögur* og gamle katolske *helgikvæði* (heilagkvede) som *Lilja* og *Geisli*; han las òg verk av biskop Jón Arason. Det var mykje *mystisk* tankegang hjá Stefán då, seier heimelsmannen.

Denne nye ándsheimen kom òg til å setja dåmen sin på to av dei beste dikta Stefán har skrive: «Þér konur» (De kvinner) og «Þér skáld» (De skaldar) (i diktsamlinga *Helsingjar*, 1927). Jóhannes hugsar Stefán var imponert over dikta den gongen han skreiv dei, og synest desse dikta vitnar om ein atmosfære som Stefán elles ikkje har vore i. «Det er to av hans største dikt, endå om dei ikkje er to av hans vakraste», seier Jóhannes. Og særmerkt for dikta er nett reisning, utsyn, dimensjonar, samtidig som diktaren har løyst seg frå den meir personleg bundne eg-lyrikken. Halldór Kiljan Laxness har òg vore inne på at Stefán i desse dikta arbeidde på ny grunn. «Desse dikta», seier Laxness, «angar av røykjelse og ber ein dâm av heilag-seremoniar og bibelsk Sinnlichkeit». Trass i den objektive dåmen logar subjektive kjensler attom orda i desse orkestrale og fargerike dikta. Når Stefán har skrive «Þér skáld», er ikkje heilt visst; diktet vart ikkje prenta før i 1927. Men «Þér konur» hadde han i minsto ferdig våren 1924; det var dette året om sommaren *Heilög kirkja* òg kom ut, og at Stefán har vore oppteken av «heilagkveda», syner seg m.a. i linene:

hve Eysteins Lilja er innfjál
af ást hans til jarðneskrar konu.

(Kor Eysteins Lilja er inntrengjande (brennande) / av kjærleiken hans til ei jordisk kvinne.)

Stefán fornektar ikkje ein jordisk inspirasjon til eit religiøst dikt; og når han sjølv har skrive verk som *Heilög kirkja* og «Þér konur» om lag på same tid, kan det liggja nær å spørja om ein slik inspirasjon som han tilkjenner *Lilja*-skalden, ber nokon dâm av personleg røynsle i dei dagane då *Heilög kirkja* vart til. På dette kan det svarast ja; men spørsmålet skal ikkje takast nærare opp i denne samanhengen. Stefán byrja å dikta *Heilög kirkja* seinhaustes 1923, og på ettervinteren må det ha vore ferdig.

III.

Sterkt skjematisk og difor berre tilnærma rett vil oppbygginga av *Heilög kirkja* sjå om lag slik ut:

- I. Strofe 1–13: *Innleiing med bøn og lovprising.*
- II. Strofe 14–20: *Frå Kristi fødsel til kyrkja vinn siger.*

- Str. 14–16: Kristi fødsel, liv og gjerning, krossfesting og død.
 Str. 17–20: Kristi oppstode, læresveinar, martyrar. Kyrkja sigrar.
- III. Strofe 21–24: *Den unge og sterke katolske kyrkja.*
- IV. Strofe 25–32: *Island vert kristna. Blømingstider.*
- V. Strofe 33–36: *Ufredstider. Kyrkja rid stormen av.*
 Str. 33–34: Ufredstider. Holabispem jaga frå stolen.
 Str. 35–36: Kyrkja rid stormen av. Ros til den katolske kyrkja.
- VI. Strofe 37–39: *Reformasjon. Religionskrigar. Djevlevald. Kyrkja bergar seg igjennom.*
- VII. Strofe 40–45: *Kyrkja under forfallet.*
 Str. 40–43: Kyrkja har mist sin gamle stordom. Folk har fått andre interesser, og skalden refsar tilstanden i kyrkja i dag (den protestantiske). Han bed Gud slå til mot øydelegginga av trua.
 Str. 44–45: Ynske om at kyrkja reiser seg att. Klage over det tilstanden som rår.
- VIII. Strofe 46–52: *Bøn og draum om stor framtid for kyrkja.*
 Str. 46–47: Skalden klagar folk for Gud. Suggestiv bøn.
 Str. 48–52: Draumar om stor framtid for kyrkja, på historisk grunnvoll. Samstundes oppgjer med forfallet. Forsvar for mellomalderen og romantisk sverming for den gamle kyrkja.
- IX. Strofe 53–56: *Åtak mot fiendane åt kyrkja. Lovprising av dei gamle klerkane.*
 Str. 53–54: Veldig åtak mot fiendane åt kyrkja. Høg lovprising av dei gamle klerkane.
 Str. 55: Åtak mot vanvørdinga av dei gamle bispestolane.
 Str. 56: Oppmoding til folk om å bøya seg og syna Gud ærefrykt.
- X. Strofe 57: *Gud vil døma. Bøn om at bispestolane på Hólar og i Skálholt vil stå fram i gamal glans.*
- XI. Strofe 58–59: *Skalden opnar for djupnene i sitt eige trudomsliv.*
- XII. Strofe 60: *Avrunding med lovprising, ynske og bøn.*

IV.

Med *Heilög kirkja* tek Stefán frá Hvítadal opp den formelle tradisjonen frå dei gamle heilagkveda i mellomalderen. Versemålet er *hrynhent*, eigenleg *hrynhendr hátttr* el. *hrynjandi hátttr*, eit namn som vekkjer førestelling om brusande bylgjer som fell. I den islandske skaldediktinga i mellomalderen, både i fyrstediktinga og i den religiøse, er hrynhent eit av dei viktigaste versemåla. Ein grundig definisjon gjev Hallvard Lie i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*, VII, (1952); men her må vi nøya oss med hovudkriteria:

Strofen består av 8 verslinjer, hver på (normalt) 8 stavelser, hvorav 4 med trykk. Hvor språkstoffet gjorde det ønskelig, kunne imidlertid én lang stavelse (\perp el. $-$) erstattes med 2 stavelser, hvorav den første da måtte være kort ($\perp \simeq$ el. $\sim \simeq$). *Rim*-reglene er i alt vesentlig de samme som for *dróttkvætt*, likeså *kadens*-reglene: versutgangene er unntagelsesløst trokéiske med lang trykkstavelse ($\perp \simeq$) [. . .].

Forfattere meiner at den latinske *rimbøna* kan ha gjeve dei vestnordiske skaldane den rytme-impulsen, som tykkjest vera den naudsynte føresetnaden for hrynhent. Det eldste kjende dømet på dette versemålet er 6 versliner av ei dråpe (*Hafgerðingadrápa*), som ein mann frå Sudrøyane skal ha dikta om bord på eit islandsk skip på veg til Grønland i slutten av 900-åra (truleg år 986). Seinare kjem Arnórr (Þórðarson) jarlaskáld med sitt hovudkvede *Hrynhenda* (1046) om kong Magnus den gode; som vi ser er diktet oppkalla etter dette versemålet. Fyrst på 1300-talet vert hrynhent den leiande versforma, og då i hovudsaka i religiøs diktning, som når høgst i *Lilja* etter munken Eysteinn Ásgrímsson (i.kr. 1345), og sidan gjerne vart kalla «Liljulag».

V.

Sigurður Nordal kjenner til at då Stéfan skreiv *Heilög kirkja*, hadde han lese det andre bandet av *Biskupasögur*, der vi finn *Arngríms drápa* (herra Arngrímur Brandsson á Þingeyrum) om Guðmundur góði Arason, biskup á Hólum, – og *Guðmundar drápa*, dikta om Guðmundur Arason av Einarr Gilsson, skáld. Lesnaden av desse verka inspirerte Stéfan (munnl. oppl.).

Det næraste førebiletet tòrer vi finna i Arngrímr Brandssons *Guðmundar kvæði (drápa) byskups*. Arngrímr var islandsk abbed, og diktet hans er frå 1345. Versemålet er hrynhent, og diktet har 66 strofer.

Arngríms dikt har liksom *Heilög kirkja to ulike stev*, det fyrste i strofene 22, 26 og 30, det andre i 34, 38 og 42. I *Heilög kirkja* (60 strofer) finn vi stev I i strofene 20, 24, 28, 32 og 36 – stev II i 40, 44, 48, 52 og 56, altså symmetrisk med tre stevlause strofer mellom kvar stevførande som hjå Arngrímr, men med større bruk av stevet hjå Stéfan. I hrynhente dikt på om lag same storleik som *Heilög kirkja* (t. d. Arngríms dikt) og som dessutan har to stev, finn ein gjerne kvart stev tre gonger.

For å finna eit hrynhent dikt der kvart av dei to steva som i *Heilög kirkja* kjem føre heile fem gonger, kan ein sjå på *Lilja* (100 strofer) av broder Eysteinn (d. 1361). *Lilja* har stev I i strofene 26, 32, 38, 44 og 50 – stev II i 51, 57, 63, 69 og 75. Om den uvanleg korte overgangen mellom stev I og II i dette diktet seier Fredrik Paasche (*Norges og Islands litteratur*):

Ogsaa opbygningen viser en vel beregnet kunst; midt i verket, ved v. 50 og 51 hvor draapaens to omkvædsformer møtes – hvor kvadet likesom svinger om sine hængsler – har ogsaa verdensdramaet sit midtpunkt og sit vendepunkt: Kristus hænger paa korset.

Som vi ser, har *Heilög kirkja* og *Lilja* sams at dei to steva kjem føre fem gonger kvar. Men i *Lilja* er det vanleg kvar sjetteste strofe som er stevførande, i *Heilög*

kirkja kvar fjerde; og til den særmerkte overgangen mellom steva i *Lilja* finst ikkje noko tilsvarende i Stefáns drápe.

I strofe 34 i *Heilög kirkja* siterer Stefán dei to siste linene i stev I i det nemnde diktet *Guðmundar kvæði (drápa) byskups* av Arngrímr Brandsson. Dette lovkvedet om den katolske Hólar-bispen Guðmundur Arason med tilnamnet «den gode» (d. 1237) har til hovudperson ein av dei gamle klerkane som Stefán såg opp til, og som han kunne bruka til idealt førebilete for tenarane åt den kristne kyrkja. I Arngríms dikt høyrer vi at folk frå heile Island valfartar til gravstaden hans (Hólakyrkja): blinde og dauve, vanføre og spedalske. Og det skjér mirakel. –

Glansen og makta til den katolske kyrkja stråler frå diktet til Arngrímr; såleis vert bispestolen på Hólar kalla *veldisstóll* (jfr. str. 10); og vi høyrer òg om det ytre stasskrudet som høyrer kyrkja til, t. d. staselege klede, bispeskrud (str. 11). Med sine store visuelle gáver har Stéfan sett alt føre seg; han har sett og sansa den katolske mellomalderdåmen.

VI.

Det var vanleg at diktarane av dei gamle heilagkveda i innleiinga kom inn på heilt formelle drag ved diktet, t. d. seier Arngrímr (i str. 2) at han ikkje har skipa planen sin etter reglane i *Edda* og at han kvad i ei brávending dei strofene han ikkje vil rosa. Overfor *Snorra-Edda*, sjølv «skaldebibelen», synest han m. a. o. det er naudsynt å koma med ei orsaking. Vidare klager han at diktet ikkje er «mjukt i halsen» (kling ikkje mjukt), at han har ei «stiv ár til ordi» (stiv tunge), noko som han ikkje kan lastast for; men han har, seier han, berre ørnens skarn å by fram: og han kjenner seg ikkje vis (kunnig) mellom gode skaldar.

Abbed Árni Jónsson, som levde i det 14. hundreåret og skreiv ei hrynhent *Guðmundar drápa* på 79 strofer, kjenner òg *Edda* som eit slag overdomstol. Det heiter i den nest siste strofa i diktet hans:

Dei store meistrane át kunsten i Edda vil synast at dette diktet er særslite ledugt; [. . .] det synest for meg at de ljose vitnemáli át søte skrifter høver til lovprisingi av heilage menn.

På eitt punkt gjer han seg likevel friare. Om *kenningar* (to-delte poetiske omskrivingar) seier han at dei «aukar ikkje styrken til nokon mann, men mørkjer gleda» (*en kenningar auka mǫnnum engan styrk en fagnað myrkva*) (siste to liner i str. 78).

Lilja-skalden, Eysteinn Ásgrímsson, kjem straks mykje inn på stòda si til målet, og i samband med dette det store ansvaret som kviler på skalden når han ska gjera sin skyldnad og «gje (betala) den allmektige kongen eit dikt som er skrive med kjærleiksord» (str. 2, 3 og 4). Men ikkje berre i byrjinga, også mot slutten av diktet, kjem han inn på målproblema (sitater kjem her fritt omsett til ubunde mål):

Ver no glade, menneskarar; eg ventar de orsakar at eg formar dette diktet i verse-målet mindre omhugsamt enn ein ville halda for høveleg; med omsyn til all tale er det mest om å gjera at ein finn den rette grunnvollen, jamvel om *Eddas* regel, ikkje tydeleg, stundom må vika. (str. 97)

Og *Lilja*-skalden held fram i den fylgjande strofa, her fritt omsett:

Den som skal skriva eit omhugsamt dikt, vel å setja inn i kvadet sitt så mange uklære fornord at dei snautt kan teljast; eg seier at han såleis gjer kvadet vanskelegare å skjøna; då ein her godt kan forstå dei klære ordi, skal ein høyra min klære vilje: desse einfelde ordi, gjevne med lyst, dette diktet vil (ynskjer) eg skal heita *Lilja*. (str. 98)

Arngrímr Brandssons *Guðmundar kvæði (drápa) byskups* og *Lilja* har baa vore daterte til 1345 (ikkje heilt visst for *Lilja*); men overfor *Snorra-Edda* tykkjest *Lilja*-skalden vera meir sjølvstendig i målsmak. Det er interessant å samanlikna *Heilög kirkja* med desse to dikta, og sjå kor likskapen særleg kjem fram.

Stéfán frá Hvítadal talar ikkje noko om *Edda*-kunsten eller *Edda*-reglane i sitt dikt som dei nemnde skaldane; men ikkje dess mindre kjem han òg inn på reint ytre drag ved verket og den åndsens kraft og gáve han treng til arbeidet (str. 1, 2, 12 og 13). *Heilög kirkja* syner i mangt og mykje at Stefán har vore svært vel inne i korleis dei gamle heilagkveda vart oppbygde, heilt frå introduksjonen (jf. med *Lilja*) til avrundinga til slutt. I samband med diktets *alfa* og *omega* kan ein òg peika på ein likskap i fraseologien mellom *Lilja* og *Heilög kirkja*: I *Lilja* heiter det (str. 1 og 100): *lof sé þér um aldr og æfi*, i *Heilög kirkja* (str. 1): «helgist þitt nafn í alda-safni».

Stéfán er velkjend med *stilfigurar* som går att i heilagkveda; og når vi gjerne dreg parallellen til *Lilja*, er det ikkje minst av den grunn at dette diktet for ettertida kom til å stå som det høgste, som sjølvve mønsterdiktet, ikkje berre av di forma var så briljant. «Allir vildu Lilju kveðið hafa» (Alle ville ha kvede *Lilja*) heiter eit gamalt ord; og *Lilja*-skalden syner verkeleg kva for ein meister han er; han går ikkje or vegen for dei vanskelegaste rimoppgáver og formelle problem, og han løyser dei suverent.

Når Stefán tok til å skriva ei drápe i den gamle *hrynhente* forma, skulle det difor ha vore naturleg at han hadde sett seg vel inn i *Lilja*, sjølvve meisterverket frå den tida. – Men å kalla Stefáns dikt for ei etterlikning av *Lilja* er ikkje rett. Det er mykje som skil, ikkje minst når det gjeld innhald, ånd og idé. Men det er òg mange tilknytingspunkt, ikkje minst formelt.

Med omsyn til innhaldet er *Lilja* og *Heilög kirkja* i det store og heile for ulike til at dei innbyd til nokor samanlikning. *Lilja* er eit inspirert katolsk mellomalderkvede om verdsdramaet, inderleg i sin gudsotte og si audmykt; *Heilög kirkja* er ei hylling til den gamle kyrkja og inneheld fleire vakre og gripande strofer, men òg somme programmatisk innslag som kan verka skjemma. – Formelt sett har Stefán gjort eit storverk med diktet sitt; vi kan finna døme på at formkunst av største vanske, slik vi finn han i *Lilja*, har parallellar i *Heilög kirkja*, der dei er nytta med fin smak og stor kunstnarleg verknad.

VII.

Strofe 54 i *Lilja* gjev ei gripande skildring av den syrgjande gudsmora – *mater dolorosa*. Då minnest Guds mor den gongen engelen helsa henne (str. 55); og

dét, at gudsmora midt i sorga minnest jamvel det som er gledeleg, gjev *Lilja*-skalden eit verknadsfullt uttrykk, med di han gjer forma i denne strofa endå meir meisla og staseleg enn i dei førre strofene; han styrkjer og strammar formspråket, gjer det endå kraftigare, så det liksom strekar under *gleda* som kjem inn.

I *Heilög kirkja* møter vi tilsvarande formspråk i strofe 5; og jamvel denne strofa står i kontrast til dei førre. Stefán har tala om livsens snare forgjengelegdom, at øyro hans høyrer klokkeklang og ómar frá det høge (str. 3); han har gjeve uttrykk for sin dødsotte i orda: «Uggur dauðans varpar skuggum» (str. 4). Då skifter brátt tonen i diktet, vert djerv, sterk og bjartsynt, ein parallell til det omskiftet som går føre seg i *Lilja* (str. 55). – *Tvo hræðumst eg, dóm og dauða*, seier *Lilja*-skalden (str. 76); for Stefán har truleg otten for døden vege mest. Mot den mobiliserer han ljaset og styrkjer formspråket til siger over skuggestemminga i str. 4. Det er som om all dødsotte vert driven bort. – Vi skal samanlikna strofene, *Lilja*-strofa til venstre:

Rödd engilsins kvenmann kvaddi,
kvadda af engli Drottinn gladdi, –
gladdist mær þas Föðurinn fæddi, –
fæddan sveininn reifum klæddi, –
klæddan með sér löngum leiddi, –
leiddr af móður faðminn breiddi, –
breiddr á krossinn gumna græddi, –
græddi hann oss, er helstrið mæddi.

Hverfa myrkrum dáða-djarfir,
djarfir menn að ljóssins starfi,
starfið ræktu, héldu horfi,
horfnir griðum, lygum sorfnir,
þegnar dagsins erfa eignir,
eignir ljóss, af guði vegnar,
vegnar rúmt, af náð hans nægðar,
nægar þeim á efsta dægri.

(Alle *Lilja*-sitat etter Guðbrandur Jónssons utgåve, Reykjavík)

Som ein ser, korresponderer det siste ordet i kvar line med det fyrste ordet i den neste. Mønsteret er gjennomført i *Lilja*-strofa; hjá Stefán er det brot etter den fyrste halvstrofa.

Når ein slik tek opp sentrale ord av ulike ordklasser i ny stilistisk samanheng, kan ein tala om *figura etymologica*. Vi har med ein svært gamal tradisjon å gjera; eit godt døme finn vi i *Egils saga* (på s. 110 i *Íslenzk fornrit*), der forma elles er ein variant av *dróttkvætt* (jf. *oddhent*).

I strofe 91 i *Lilja* møter vi eit storfelt døme på stilfiguren *anafora*: verknadsfull oppatt-taking av same ord i byrjinga av fleire setningar etter kvarandre, dessutan *enderim-slyngingar*. I *Heilög kirkja* er strofe 47 formelt tilsvarande, berre endå meir kunstfull m. o. t. *innrim*. Når det gjeld *stavrimet*, *allitterasjonen*, er det gjennomført etter det gamle mønsteret hjá begge diktarane. – Strofene vi har nemnt, gjev eit forvitneleg døme både på likskap og ulikskap i dikta (*Lilja*-strofa til venstre):

María! Ert þú móðir dýrust.
María! Lifir þú sæmd í hári.
María! Ert þú af miskunn skírust.
María! Létt þú syndafári.
María! Lýtin mörg því vóru.
María! Lit þú klökk á tárin.
María! Græð þú meinin stóru.
María! Dreif þú smyrsl í sárin!

Drottinn, lægðu duftsins þóttu,
drottinn, plægðu akur sprottinn,
drottinn, fægðu oss döggu ótta,
drottinn, nægðu oss eftir þvottinn,
drottinn, frægðu oss dýrum mætti,
drottinn, vægðu oss, þótt vér spottum,
drottinn, bægðu djöful-hætti,
drottinn, mægðu oss þínum vottum.

Den mjuke og inderlege Maria-strofa í *Lilja* inneheld både lovprising (trudvedkjenning) og bøn; hjá Stefán er Drottinn-strofa ei gjennomført intens og suggestiv bøne-strofe, der bøna minner om maning. – Í desse to strofene merkar ein kor nyansært og varnæmt *Lilja*-skalden ber fram det han har på hjarta trass í det innflökte, tradisjonelle formskrudet. Ein kan ikkje heilt fri seg for den mistanken at det for Stefán har vore viktig å briljera som rimmeister, nett í ei slik strofe. Han verkar inderlegare í andre strofer í diktet.

Stefán har ikkje noko døme på den formelle bragda vi møter í *Lilja* strofe 46, der skalden talar om Jesu under og reknar opp í line 5 og 6 eine og áleine substantivisk brukte adjektiv: *blindum*, *hrjúfum* osv., det vil seia dei som Jesus hjelpte, og í dei to siste linene fører opp substantiv eller verb í tilsvarende rekkjefylgje, som syner kva han hjelpte dei med: *augu*, *græðing* osv.:

Þessu næst ins kæra Kristi
kenning tók um byggð að renna.
Lífþjónandi lærisveina
leitar, finnr, og þar með veitir
blindum, hrjúfum, dumbum, daufum,
dauðum, krömdum, ærum, lömdum
augu, græðing, orð, að hlýða,
andir, heilsu, vizku, að standa.

Dernest tok den kjære Kristi
lære til vide ut å berast.
Livstenande, læresveinar
leitar, finn, og dermed gjev åt
blinde, spedalske, stumme, døve,
døde, sjuke, sinnssjuke, lame:
augo, betring, tale, hørsel,
livsånd, helse, vit og førleik.

Oppramsing av ord er likevel ikkje framandt for *Heilög kirkja*. Í *Lilja* finn vi eit godt døme í strofe 74, der det heiter:

Þessu í gegn mun finna fagnað
fyrða hverr, er til sinnar dýrðar
Herrann bauð með hæstri prýði
heimleiðar, því að verða beimar
ungir, glaðir, frjalsir, fríðir,
færir, máttkir, vitrir, skærir.
Hátíð gild er um allar aldir
alda þeim með virðing haldin.

Men kvart menneske finn fagnad
som til sjølve herlegdomen
Herren baud med høgste heider
heim med ære, dei skal vera
unge, glade, frie, fagre,
føre, sterke, kloke, klære.
Høgtid gild i tiders tider
skal for deim med vørdnad haldast.

Ein parallell hjá Stefán finn vi í strofe 19, der han radar opp udådane mot martyrane:

Verðugt festið dæmi dýrðar:
drottins náð og gæzku votta
bleikir menn, af böðlum hraktir,
bundnir, leiddir, naktir, meiddir,
píndir, stungnir, báli brendir,
beinum lestir, krossi festir,
steinum grýttir, hófum hittir,
hrömmum slegnir, kjöftum flegnir.

Verdig fest det dyre dømet:
drottens nåde og godleik átte
bleike menn, av bøddelhender
bundne, leidde, nækte, meidde,
pinte, stungne, på bålet brende,
beini knuste, til krossar feste,
av steinar råka, hóvar trakka,
rammar dengde, kjeftar flengde.

Innhaldet av denne strofa er det freistande å sjá í samband med strofe 49 í *Lilja*, særleg m.o.t. *ordvalet*. Her heiter det í dei fire fyrste linene:

Fúsir hlupu og fundu Jesúm,
fundinn hröktu, lömdu og bundu, –

Fuse sprang dei og fann då Jesus,
funnen pinte dei, slo og batt han, –

bundinn leiddu, heimskir hæddu, – bunden dei leidde han, dumme hædde
han, –
hæddan, rægðan slógu, afklæddu. – hædd og hâna dei slo og avkleddu han.

Som hjå *Lilja*-skalden kjem bøyingsformer av «binda» og «leiða» hakk i hel hjå Stefán; ordparallelar har vi vidare i «hraktir» og *hröktu*, «slegnir» og *slógu*, «naktir» og *afklæddu*. Det kan sjå ut som om Stefán har hatt denne *Lilja*-strofa i undermedvitet (eller medvitet) då han dikta strofe 19 i *Heilög kirkja*.

VIII.

Vi har nemnt at abbed Árni Jónsson vender seg mot *kenningar* – poetiske omskrivingar med to ledd, t. d. Fávnes lægje (gullet) – i si *Guðmundar drápa* (str. 78). *Lilja*-skalden tek òg ei positiv stòde til det klære og einfelte, og diktet er så å seia fritt for *kenningar*. Det er derimot ikkje Arngríms *Guðmundardrápa*.

Om *Heilög kirkja* kan ein seia det same som om *Lilja*. *Ekte* *kenningar* finst det mest ikkje i diktet. Det gode dømet i stev I: «málmsins tungur» (malmens tunger, dvs. kyrkjeklokkene) er særskild klårt og valdar ikkje nokon vanske for lesaren.

Av *heiti* (norsk: heite) – poetisk omskriving, men ikkje to-delt som ei *kenning* – finn vi i *Heilög kirkja* til dømes ordet «austur-göngull» (austan-vandrar) – for sol – i strofe 25; men slike døme er sjeldsynte. På hi sida er *ordsamansetningar* i det heile særmerkte for Stefán, og ikkje minst i *Heilög kirkja*, der *samansetningar* av to ord som kvart for seg er ein troké, høver heilt inn i den majestetisk verdige rytmen, som skifter mellom regelrett trokéisk og trokéisk-daktylisk versemål. Av slike ord kunne ein nemna ei mengd; ein får nøya seg med nokre få døme: «himna-hæðum», «alda-safni», «synda-bölið» – alle i strofe 1; «himna-drottinn» i strofe 2 og 7, «stundar-starfi» i strofe 3; «vængja-súgur svifti-dægra», «bæna-máli», døme frá strofe 4; «dáða-djarfir» i strofe 5, osv.

I *Lilja* finn vi òg venteleg slike *ordsamansetningar* som høver til rytmen, t. d. i strofe 81: *lasta-vinds í bylja-kasti, liknarvendi* og *kostalausú*; men dei verkar ikkje så dominerande i dette diktet. Stefáns drápe kjennest stundom noko *kompakt*, kanskje særleg på grunn av dei tunge *samansette* orda, som strekar under den tunge, regelrette rytmen. *Lilja*-skalden verkar friare; han handsamar metret meir utvinga, t. d. plasserer han gjerne synkopar med fin verknad, som i strofe 33:

Gleðilegt jóðið skein af móður,	Han vart løyst or moderlivet
að innsigli höldnu hennar	slik at seglet ikkje fekk meinet,
hreinferðigra meydóms greina.	i gledergráten det vart ubrote.

Dette meir *glidande* trykket gjer sitt til at *Lilja* i det heile verkar lettare og ledugare i forma enn *Heilög kirkja*. Broder Eysteins dikt ber bød om ei meir nyansert kjensle for musikalsk velklang.

IX.

I Stefáns *Heilög kirkja* møter vi eit reint og fint mál; og det skal seiast til hans ros at syntaksen ikkje er særleg tung, endå det imellom fell vél så lett å lesa eit dikt som *Lilja*. Stefán nyttar ikkje ord som «dikt», «maklegheitum» o. a. i *Lilja*, som ikkje alle har hevd i islandsk no; men han nyttar fleire ord som ikkje høyrer til «normalprosaen», ord som ein må kunna kalla «poetiske». Vi kan nemna: «feðrarranns» (*rann*, poet.: hus) (str. 7); «i helgu ranni» (str. 54); «í Hlakkarveðrum» (i vêt med dun og gny som likjest gledeskrik frá rovfuglar?) (str. 7); «ítur» (poet.: ypparleg, edel, fager) (str. 32); «rekk» (*rekkur*, poet.: mann) (str. 34); «logakófi» (*kóf*, n.: svært snøfall, uvêt; sterk sveitning), samansetning, laga av Stefán? (str. 38); «ljómaítrum» (sjá tidl. «ítur») (str. 56).

Når *Lilja*-skalden nyttar ordet *sætr* (søt) så mykje, kjem det òg av at ordet har høvt inn i tidsstilen då. Hjå Stefán er vel «dýrð» og samband med dét hans fremste forkunnord i *Heilög kirkja*; alt i det kjende Stefán-diktet «Hún kysti mig» i debutboka *Söngvar fërumannsins* (skrive til syster Mathilde i Noreg) talar han om «hinn dýrlega dag» (den herlege dagen) og teiknar eit bilete med typisk katolske drag. I *Heilög kirkja* finn vi «dýrð» heile 16 gonger (sitatet frá Arngríms dikt medrekna), åleine og i ordsamband. – Eit anna ord han nyttar mykje, er ordet «öld» (tidbolk, o. a.), særleg eigeforma i fleirtal: «alda»; dette ordet (i ulike former) kjem endå oftare føre enn «dýrð»; vi finn det heile 21 gonger. Men som karakteristisk ord verkar «dýrð» endå meir særmerkt.

Lilja-orda *litillæti* (smálæte, audmjukskap) og *sæt* (m: *sætr*) finn vi ikkje i *Heilög kirkja*; men som motpol til det fyrste finn vi «ofurhroki» (ovmod), der han talar om den nye tida som går vill (str. 49). Når Stefán i diktet fører inn «pálma» (str. 54), så kan det nemnast at dette ordet finst både i Arngríms *Guðmundar drápa* (str. 41 og 42) og i *Lilja* (str. 94); det kjem òg føre i *Katrínar drápa* (ei hryn-hent drápe på 51 strofer med 1 stev) (str. 42 og 46). At dette ordet frá bibelsk flora òg finst i andre religiøse mellomalderdikt, er ikkje anna enn rimeleg; men her stansar etterrøkinga ved dei to viktige, nemnde verka.

Lilja inneheld fin naturskildring med sterk sans for den klåre, visuelle detalj, såleis i strofe 93; ein merkar den sterke trongen til allegori, som òg har gjeve så tydeleg utslag i det norske mellomalderverket *Kongsspegelen* (*Speculum regale*) (kapittel 5). Lyriske bilete som *grænar grundir* og *heiðar stjörnur* (str. 93) gjev allusjonar til *Voluspá*; det gjer òg opninga av strofe 70: *Enn mun koma í öðru sinni* (Vsp.: *Ser hún upp koma / öðru sinni*).

Jamvel hjå Stefán møter vi naturinntrykk i *Heilög kirkja*. Vi anar vinternatta kringom han der han sit og «yrkir» (diktar) på Bessatunga; men vel så sterkt anar vi hans indre syn, der tidene rullar fram for han i visuell klårleik (strofe 8):

Anda dróttir, oltnar blundi;
önd mín leitar, sýnir veitast;
aldir liðnar elda glæða
innri sýn og nóttu týnast;
dagur þorrinn, mjöllin marrar

Folket andar, eig no blunden;
åndi leitar, djupt der veit eg
lidne ári gløder elden,
indre syn i natti lyner;
all er dagen, knakar mjølli,

máninn lýsir, bæir rísa,
vildar-sýn á vegum alda:
vetrarnótt á feðrasetri.

mánen lyser, gardar ris her,
vildar-syn med vakna eld i:
vetternatt på fedrasetet.

Mellomalderen rómde store motsetningar; og både det asketiske og det konkret-sanselege finn uttrykk i *Lilja*. *Þú ert hreinlifs dyggðug dúfa* heiter det til Jomfru Maria i strofe 89; det er samstundes etérisk og visuelt. Men vi sansar mykje sterkare når det heiter to strofer tidlegare (87): *María, kreist þú mjólk úr brjóstum*. Her stig gudsmora fram som ei verkeleg kvinne av kjøt og blod.

Vi hugsar at Stéfan kalla Eysteins *Lilja* «innfjálgt af ást hans til jarðneskrar konu» (i diktet «Þér konur» [De kvinner]). Og det er mogleg at Stéfan har funne diktet gjennomglødd av ein slik inspirasjon. Eller kanskje han fyrst og fremst har tenkt på sin eigen inspirasjon då han skreiv *Heilög kirkja?* – Maria-strofer som den nemnde (str. 87) fins det ikkje parallellar til i *Heilög kirkja*; men omtalen av Saga (str. 29) kan verka som eit noko sensuelt, nasjonalromantisk målarstykke av ei budeie på ein støl, i det minste sett med norske augo: «Íturvaxin Saga situr / sumarrjóð við arin þjóðar» (Gildt vaksen Saga sit / sommarraud attmed nasjonen sin [folket sin] åreld).

Eitt er visst: Mellomalderen gav rom både for askese og sterk erotisk varme, den siste ofte bunden i ein fortærande lengsel. Om dette har Egon Friedell skrive på ein overtýdande måte der han karakteriserer mellomalderens grunnhått i «Vår tids kulturhistorie» (*Kulturgeschichte der Neuzeit, 1348–1914* (3 bd., 1927–31; svensk omsetjing: *Kulturhistoria. Från svarta döden till världskriget, 1933–35*). Og Niels Chr. Brøgger peikar på noko sentralt når han seier i boka si *Korset og rosen* (s. 130):

Dette tros-innhold forenet med en freidig realisme av formelig moderne tilsnitt, når det gjaldt kjærlighet, erotikk og fruktbarhet, gir oss billedet av en underlig motsetningsrik form for erkjennelse som sannsynligvis ledet middelalderens menneske nærmere selve livets hemmelighet enn vi står denne hemmelighet idag.